



## Notat

Dato: 16.08.2019  
Arkivsak: 2017/17630-6  
Saksbehandlar: benutne

---

**Til:** Utval for Miljø og samferdsel, Fylkesutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Fv 569 Dalseid - Eidslandet - bekymringsmelding

Torbjørn Rørvik har utarbeidd rapporten «*Bekymringsmelding Fv 569 Dalseid –Eidslandet – 170 SVV NVP*» (vedlegg 1) per mai 2019. Rapporten er sendt til følgjande (jamfør vedlegg 3):

Hordaland fylkeskommune (fylkesordførar, fylkesvaraordførar, fylkesrådmann, fylkesdirektør for samferdsel), fylkespolitikarar (medlemmer i utval for Miljø og samferdsel), samt Vegdirektoratet, Statens vegvesen med fleire.

Fylkesdirektør for samferdsel har den 02.07.2019 sendt følgjande brev til Rørvik (vedlegg 2).

Fylkesrådmannen oppsummerer status pr august 2019:

- Vegen som er en øvrig fylkesveg, er ikkje prioritert for større oppgraderingar i Regional Transportplan
- Det er lagt inn noko midlar i Investeringsprogrammet for 2019 under posten forsterkning
- Hordaland fylkeskommune er samd med Rørvik at forholde rundt og konsekvensane av vernestatus må avklarast. Fylkesrådmannen vil ta eit initiativ mot Statens vegvesen for å avklare vernestatusen og følgje opp fylkesutvalet sitt vedtak frå 2009.
- Statens vegvesen opplyser at det i veke 34 skal haldast eit møte der ein, med utgangspunkt i forvaltningsplanen, vurderer Fv 569 i forhold til vernestatus/kulturminne, og moglege utbetringpunkt.
- Statens vegvesen opplyser vidare at Vegtrafikkentralen ikkje sender tungtrafikk/større bilar for omkøyning på Fv 569. Unntaksvis vert personbilar omdirigert til Fv 569 når E16 er stengt.